



KVINNHERAD
K O M M U N E

Kommunedirektør

nve

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Gunn Tove Petterteig	970 18 029	2022/774-63	202511193-6	28.01.2026

Høyringsfråsegn søknad om å avgrensa trafikk på anleggsveg

Høyringsforslag – Framkommeligheit til skisenteret og ansvar for vegutbetring Innleiing

Innleiing

Fjellhaugen-området er eit sentralt rekreasjonsområde for både fastbuande, hytteeigarar og tilreisande. God framkomelegheit og trygg ferdsel er avgjerande for at området skal kunne nyttast til friluftsliv, hyttebruk og drift av skisenteret. Skisenteret og fjellområda rundt er viktige for innbyggjarar, turisme og næringsliv.

Bøndene er òg avhengige av tilkomst for å følgja opp sauene sine i beiteområda. At bønder sender sau på fjellbeite er positivt for landskap, beiteforvaltning og ressursutnytting. Vegen er difor ein kritisk ferdselsåre for både landbruk og næringsaktørar.

I tillegg er vegen ein viktig innfallsport til Blådalen og Folgefonna for friluftssinteresserte – både lokale og tilreisande.

Bakgrunn og vurderingar

Trafikktryggleik og vegstandard

Vegen opp mot skisenteret er omtalt som smal, «kronglete» og med låg sikt fleire stader. Dette skapar utfordringar for trafikktryggleiken. Den mest brukte strekninga går frå Matrekrysset ved fylkesveg 5024 og vidare opp mot skisenteret. Denne delen av vegen må haldast open for å sikra aktivitet ved skisenteret, idrettstilbodet og vidare utvikling av området.

Planarbeid og tidlegare vedtak

Kommunestyret har vedteke å utarbeida ein heilskapleg plan for Fjellhaugen-området med fokus på idrett, reiseliv og næringsutvikling. SKL er ein sentral aktør og har alt teke ansvar for brøyting opp til skisenteret.

Hytteområde og tilkomst

Området har mange hytter, både rundt Fjellhaugen og vidare opp mot Ågotselv (om lag 60 hytter). Hytteeigarar er avhengige av trygg tilkomst for å kunna nytta og følgja opp eigedomane sine. Ei stenging av vegen vil påføre store ulemper for desse brukarane.

Behov knytt til landbruk

Bøndene må kunna senda sauene sine til fjells og må ha tilgang til vegen for å følgja opp dyra. Ei stenging av vegen vil vera alvorleg for landbruksdrifta.

Friluftsliv, turisme og allmenn bruk

- **Blådalshytta** ved Grønavikvatnet er open for alle og har tilkomst via Blåfalli IV.
- Det går ei **T-merka rute** frå Blåfalli IV til Svelgarbreen – ein populær sommartur.
- **Folgefonni Breførarlag** arrangerer kajakturar på Møsevatnet, eit populært og spektakulært tilbod.
- **Dagsturhytta** i området er finansiert med offentlege midlar og er mykje brukt heile året.

Alle desse tiltaka blir påverka av tilkomstrestriksjonar.

Konklusjon

Vegen opp til Fjellhaugen er ein kritisk infrastruktur for:

- friluftsliv og reiseliv
- idrettstilbodet ved skisenteret
- hyttebruk
- landbruksdrift
- tilkomst til Blådalen og Folgefonna
- offentlege tilbod som dagsturhytta

Ei omfattande og langvarig trafikkavgrensing vil få store negative konsekvensar for innbyggjarar, næringsliv, landbruk og friluftsliv. Før ein vurderer avgrensingar, må det gjerast ei grundig vurdering av alternative løysingar, inkludert **konkrete vegutbetringar**.

Som utbyggjar har SKL eit **særskilt ansvar for å halda vegen så trafikksikker som mogleg**. Det er eit grunnleggjande prinsipp at eit ferdselsforbod må vurderast opp mot dei interessene som blir påverka. Døma som blir trekte fram i søknaden handlar i hovudsak om avgrensingar, og ikkje om vegutbetringar som kunne vera avbøtande tiltak med varig tryggleikseffekt.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Gunn Tove Petterteig
Kvalitetssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.